



Granvin barne- og ungdomsskule 5733 GRANVIN

granvin.skule@granvin.kommune.no

Skule: 48162242

Rektor mobil: 40403885

Ass. rektor mob: 40403884

SFO: 48162244

Kulturskulerektor mobil: 40403872

HANDLINGSPLAN MOT MOBBING

Bakgrunn:

Opplæringslova §9.1-a seier at alle elevar har rett på eit psykososialt læringsmiljø som fremmar helse, trivsel og læring. Dette gjeld både på skulen, skuleveg, leksehjelp, på SFO og andre arrangement i skulen sin regi. Ved mistanke om eller melding om mobbing, vald, rasisme eller anna krenkande åtferd har alle tilsette plikt til å gripa inn, undersøka og evt. varsla. (Opplæringslova). I Partnerskap mot mobbing 2016 – 20 står det:

«Alle barn og unge har rett til et læringsmiljø utan mobbing.»

Barn og unge skal oppleve trygghet og inkludering på alle arenaer hvor de ferdes.

Alle voksne som omgås barn er viktige rollemodeller og kan bidra med å se, handle og følge opp når uønskede hendelser skjer.»

Definisjonar:

Psykososialt læringsmiljø: Paragraf 9a-3 i Opplæringslova konkretiserer kva eit godt psykososialt læringsmiljø er:

- korleis tilsette og elevar oppfører seg mot kvarandre, og kva for erfaringar, opplevingar og utvikling elevane får på dei sosiale og personlege områda gjennom ulike betingelsar i skulen sitt læringsmiljø.
- ingen elevar skal verta utsett for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, rasisme, utestenging eller vald.
- alle som arbeider på skulen, skal syta for at ingen elevar vert utsette for slike ord og handlingar, gjennom å gripa inn eller ved snarast å undersøka saka og varsla skulen si leiing.

Læringsmiljø: Dei arenaer der skulen har ansvar for elevar si faglege og sosiale utvikling. Dette gjeld også SFO, på skuleveg og på leksehjelp.

Mobbing: I Elevundersøkinga er mobbing definert som "gjentatt negativ eller vondsinna åtferd frå ein eller fleire retta mot ein elev som har vanskar med å forsvara seg. Gjentatt erting på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing". Åtferda må finna stad 2 eller 3 gongar i månaden eller oftare for å bli definert som mobbing.

Denne planen byggjer på 4 berebjelkar:

- Godt læringsmiljø
- Godt samarbeid med føresette.
- Førebyggjande tiltak
- Kontinuitet

Kjenneteikn på eit positivt læringsmiljø er:

- Gode mellommenneskelege relasjonar.
- Respekt for individet sine særtrekk.
- Fokus på fagleg utvikling.
- Klåre forventningar og krav til akseptabel åtferd.
- Tydeleg klasseleiing med føreseielege reaksjonar.
- Ikkje noko form for mobbing vert tolerert.

Hovudansvaret for å etablera eit positivt læringsmiljø ligg på lærar som leiar av arbeidet i klasserommet. Undervisningsøktar bør ha ein klar start der elevane blir informerte om kva som blir forventa av dei, og ei klar avslutning med oppsummering av arbeidsøkta. Brot på avtalar må få konsekvensar som er kjende på førehand, jf. ordensreglane.

Ein bør særleg vera merksam på teikn på mobbing. I timar kan desse vera vanskeleg å oppdaga; signala kjem ofte indirekte i form av reaksjonar frå den som blir mobba.

NB! Mobbing skjer også i timane, men er ikkje alltid lett å oppdaga. (Skjer gjerne med kroppsspråk, augekast, himling med augo, men også meir synleg i form av utestenging, sukk og latter).

Mobbing ved hjelp av nyare teknologi, slik som mobiltelefon og Internett, er noko ein òg må vera merksam på. Dette skjer mest utanfor skulen, men det er likevel noko ein må arbeide med i skulen. Ein må ha reglar for bruk av mobiltelefon og internett i ordensreglane, og ein må arbeide målretta for å lære elevane god nettbruk. Mange elevane som vert utsett for tradisjonell mobbing på skulen, vert òg utsett for digital mobbing.

Samarbeid med føresette

Eit positivt læringsmiljø krev ei felles forståing mellom skule og heim av kva dette inneber; ikkje minst ei felles forståing av kor sentral sosial kompetanse er i læringsarbeidet. Ein må også ha ei felles forståing for omgrepet sosial kompetanse. I samarbeidet med dei føresette må ein arbeida mot å få ei slik felles forståing. Vidare må me vera tydelege på at skule og heim er medspelarar, ikkje motspelarar.

Mobbing skal vere tema på foreldremøte kvar haust, m.a. må ein gå inn på kva dei føresette bør vera merksame på. Døme på signal kan ein finna i vedlegg 1.

Problem med mobbing er ei stor belastning for elevane, føresette og tilsette i skulen. Ikkje alltid vil dei tiltaka skulen set inn ha effekt, og me kan får reaksjonar på at "skulen ikkje gjer noko". Der nokon vert mobba, er det også nokon som mobbar. For mange føresette kan det vera ei belastning å bli konfrontert med at barnet har ei negativ åtferd. Dette må me som skule også vera open på.

Plan for førebyggjande tiltak.

Heilt sentralt i læringsmiljøet er korleis vi har det i lag. Dersom miljøet er prega av samværsvanskar, vert også det faglege miljøet forringa. Difor vert arbeidet med sosial kompetanse viktig i arbeidet med godt læringsutbytte.

Sosial kompetanse inneheld 7 delelement:

- Empati
- Samarbeid
- Humor
- Ansvar
- Sjølvkontroll
- Sjølvhevding
- Respekt, også for det som er framand og annleis.

Som for fagleg kompetanse, er den sosiale kompetansen ulik mellom elevane. Difor vil arbeid med sosial kompetanse bli ein viktig del av skulen si verksemd gjennom heile skuleløpet. Arbeidet med dette området set særlege krav til samarbeid med dei føresette.

Barnesteget

- Trivselsleiarprogrammet
- Trivselsundersøkinga «Klassetrivsel» for 2. - 6. kl. kvar haust, og 2. – 7. kl. kvar vår. 7. kl. er med på «Elevundersøkinga» kvart år. Trivsel er òg tema på elevsamtalar.
- Folkeskikk-kampanje (språkbruk m.m.) i veke 36.
- Fadderordning
- Klassereglar/ordensreglar
- Gjennomgang av klassereglar/ordensreglar på foreldremøte
- Utviklingssamtalar
- «Zippys venner»/ «Det er mitt val»
- Elevsamtalar
- Klasseaktivitetar med foreldre utanom skuletid jmf. Fau sitt årshjul.
- Elevrådet, i lag med valfaget «Sal og scene», skipar til elevkveld februar/ mars
- Overnatting på skulen for 1. klasse
- Leirskule for 7. klasse
- Aktivitetar på tvers av klassane
- Felleslunsj

Ungdomssteget

- Trivselsundersøking («Elevundersøkinga») kvart år.
- ”Alle har ei psykisk helse”
- Det er mitt val
- Fri-kampanjen
- Klassereglar/ordensreglar
- Gjennomgang av ordensreglar og klassereglar på foreldremøte
- Foreldresamtalar/utviklingssamtalar
- Elevsamtalar
- Klasseaktivitetar

- Aktivitetar på tvers av klassane
- Elevrådet skipar til vinterball
- Felleslunsj av og til.
- Felles frukost frå 8.15- 8.40 i veke 36. Prøver og nokre dagar/ veker seinare i skuleåret.

Felles miljøtiltak:

- Skuleturar og fjellturar. Desse må sjåast i samanheng med skulen sitt arbeid med å skape fellesskapskjensle mellom elevar på ulike klassesteg.
- Skulemåltid
- Aktivitetsdag
- Markering av den årlege nasjonale kampanjen mot mobbing i veke 36. Felles samling med underskriving av Manifest mot mobbing, felles tur og andre aktivitetar både klassevis og på tvers av klassane.

Mobbeundersøking: Kvart år deltek elevar ved Granvin barne - og ungdomsskule skule i den sentrale Elevundersøkinga, som er obligatorisk våren i 7. og 10. klassesteg. Vi vil undervegs i skuleåret vurdera om det er aktuelt å køyra undersøkinga for andre klassar og for foreldre/føresette. I tillegg nyttar me Klassetrivsel for 2. – 6. klasse kvar haust og 2. – 7. kl. kvar vår. Dette er eit verktøy for å kartleggja elevane sin trivsel.

Kommunikasjon skule/heim/elevar

For å avdekka mobbing vert temaet teke opp i

- Utviklingssamtaler mellom skule/føresette/elev
- Elevsamtalar mellom skule/elev som ein del av undervegsvurderinga
- Tema på klasseforeldremøte
 - Mobbing høyrer heime som tema på første klasseforeldremøte kvart år
 - Ansvar for opplegget ligg på kontaktlærar

Tilsyn/Inspeksjon:

I regelen er det minst 3 vaksne som har tilsyn ute i friminutta. For at elevane til ei kvar tid skal vita kven dei kan henvenda seg til, skal vaktene bera gule trafikkvestar. Vaktene må vera særleg merksame på område der vi veit mobbing kan gå føre seg. Signal på at mobbing går føre seg i friminutta kan vera:

- Elevar som unngår visse plassar eller personar.
- Elev som går åleine.
- Klede som ligg slengt.
- Samling av elevar utan synlege aktivitetar.

Saksgang ved mobbesaker:

♣ Når mobbing er meldt:

- Føra inn i meldeskjema (vedlegg 3 eller 4) og melda frå til skuleleiinga
- Undersøking for å få avdekt fakta.
 - Samtale med den som har meldt saka
 - Samtale med den som er utsett for mobbing
 - Ev. tilbakemelding til meldar (stadfesting av motteken melding)
 - Registrering i elevarkiv
- Ansvar: Kontaktlærer

♣ Når mobbing er avdekka:

- **Samtala med den som vert mobba**
 - Gje støtte
 - Informer om kva som skal skje
 - Plassér ansvar
 - Avtal oppfølging
 - Registrer i elevarkiv
- Ansvar: Kontaktlærer, rektor/ass. rektor
- **Samtale med den som mobbar:**
 - Samtalen er individuell, understreking av individuelt ansvar
 - Unngå diskusjon om dette stemmer eller ikkje, men mobbar får forklara seg. Ver obs på typiske trekk:
 - bagatelliserer eiga rolle
 - hugsar ikkje så godt
 - omskriv mobbeepisodar som leik
 - fokuserer på andre si rolle
 - framheving av offeret si skuld.
 - Bevisstgjerjing av det negative ved mobbing
 - Gje høve til løysingsforslag
 - Avtale om oppfølging
 - Registrering i elevarkiv.
- Ansvar: Kontaktlærer, rektor/ass. rektor
- **Samtale med den som vert mobba sine føresette:**
 - Same dag som saka er avdekt/samtale med den som vert mobba er gjennomført
 - Avtale om bruk av namn i kontakt med mobbar sine føresette.
 - Oppfølging framover

Ansvar: Rektor/ass. rektor, kontaktlærer
- **Samtale med dei føresette for den som mobbar**
 - Same dag som samtale med den som mobbar

- Konsekvensar av mobbing, jf. ordensreglane
- Oppfølging framover

Ansvar: Rektor/ass. rektor, kontaktlærer

- Oppfølgingssamtale(ar) med den som vert mobba
Ansvar: Kontaktlærer/ass. rektor/sosiallærer
- Oppfølgingssamtale(ar) med den som mobbar
Ansvar: Kontaktlærer/ass. rektor/sosiallærer
- Etterarbeid
Ansvar: Kontaktlærer/sosiallærer i tett dialog med leiinga

Kontinuitet:

I prinsippet skal problem løysast på lågast mogleg nivå. Dette gjeld også problem som oppstår i arbeidet med læringsmiljøet. Mobbesaker skal likevel rapporterast til skuleleiinga. For å avdekka denne type saker, skal vi kvart år gjennomføra:

- Obligatorisk elevundersøking
- Faste elevsamtalar
- Revidering av denne planen i skulemiljøutvalet
- Godkjenning av planen i samarbeidsutvalet

Vedlegg 1

Teikn på heimebane på at born er utsette for mobbing

I høve til skule

- Barnet vil ikkje gå på skulen – anten generelt, på bestemte dagar eller timar
- Barnet er redd for å gå til og frå skulen; og vil bli kjørt.
- Barnet vel ulogiske vegar, går omvegar.
- Barnet held seg nært vaksne.
- Barnet kjem svolten heim.
- Barnet mister interesse for skulen.
- Barnet kjem heim med øydelagde bøker, ting eller klede.
- Barnet ”mister” bøker, ting eller klede, og kan ikkje forklara kva som har skjedd.
- Barnet ”mister” lommepengane gong på gong.

I høve til vener

- Barnet tar ikkje med seg vener heim.
- Barnet er lite saman med andre på fritida.
- Barnet sluttar med fritidsaktivitetar.

Åtferd

- Barnet ber om ekstra pengar eller byrjar stela for å tilfredsstilla mobbarar.
- Barnet nektar å fortelja kva som er gale.
- Barnet byrjar å mobba søsken eller foreldre.
- Barnet blir lett oppfarande, og har raseriutbrot.
- Barnet får dårleg sjølvkjensle.
- Barnet verkar ulukkeleg eller har mareritt.

Helse

- Barnet har uforklarlege sjukdommar, og seier dei er sjuke utan å vera det.
- Barnet endrar sove- eller etevaner.
- Barnet har dårleg matlyst, vondt i magen og hovudverk.
- Barnet har uforklarlege skrammer og blåmerke.

(skolenettet.no)

Vedlegg 2



MANIFEST MOT MOBBING

for

Granvin barne- og ungdomsskule

Me: ordførar, rektor, skulefagleg ansvarleg, leiar for FAU og leiar for elevråda, forpliktar oss med dette til å medverka aktivt til at mobbing ikkje skjer på skulen.

ordførar

rektor

leiar FAU

leiar elevråder på u-trinnet

skulefagleg ansvarleg

leiar elevrådet for b-trinnet

Eg veit at mobbing i skulen viser at skuleeigaren ikkje tek leiaransvaret sitt alvorleg nok.

Som ordførar vil eg syta for at alle som er tilsette i skulen, kjenner leiaransvaret sitt og leier skulen på ein slik måte at mobbing ikkje skjer.

Eg veit at mobbing i skulen viser at ikkje alle dei vaksne tek leiaransvaret sitt alvorleg nok.

Som skulefagleg ansvarleg vil eg støtta skulen i arbeidet med eit positivt og inkluderande læringsmiljø. Som rektor vil eg syta for at alle som er tilsette i skulen er klar over at dei har eit personleg ansvar for å førebyggja og handtera mobbing - og at dette ansvaret er knytt til tydeleg klasseleiing.

Eg veit at mobbing i skulen viser at ein del foreldre ikkje tek nok ansvar. Dei som sit i FAU må vera aktivt med på å førebyggja mobbing.

Som leiar for FAU vil eg gjera alle foreldre merksame på at dei har eit personleg ansvar for å hindra at borna deira mobbar eller blir mobba - og å søkja hjelp dersom det skjer. Eg vil gjera dei tilsette på skulen merksame på at dei må samarbeida med foreldra for å førebyggja og handtera mobbing.


Eg vil ha ein skule utan mobbing. Elevrådet må ta på alvor det ansvaret dei har for alle elevane på skulen.

Som leiar for elevrådet skal eg syta for at elevrådet spelar ei aktiv rolle for å hindra at elevar blir mobba. Eg skal minna ordføraren, skulefagleg ansvarleg, rektor og leiaren for FAU om at dei har forplikta seg til å stoppa all mobbing på skulen ved å skriva under på dette manifestet.

Vedlegg 3



Granvin barne- og ungdomsskule
5733 GRANVIN
granvin.skule@granvin.kommune.no



ELEVANE SITT SKULEMILJØ
MELDESKJEMA TIL SKULEN / SKULEEIGAR

Sak nr: (Vert fylt ut av skulen)

Meldt dato og klokkeslett:

Meldt av:

Saka vedkjem og gjeld:

Framlegg til tiltak umiddelbart:

Framlegg til tiltak på lengre sikt:

Rektor / skuleeigar er gjort kjend med saka:

Dato og underskrift av meldar:

Vedlegg 4



Granvin barne- og ungdomsskule
5733 GRANVIN
granvin.skule@granvin.kommune.no



ELEVANE SITT SKULEMILJØ
MELDESKJEMA TIL SKULEN / SKULEEIGAR

Dato:

Stad:

Personar involvert:

Hending:

Bakgrunn for hendinga, kva leidde fram til hendinga:

Vurdering av situasjonen:

Lærer

Rektor